



Jone har årsrekorden framleis

Det er ikkje rapportert inn fangstar frå Uskedalselva til heimesida til elveeigarlaget sidan 25. juli då statistikken fortalde om ein samla fangst på 328,44 kilo. Det er da også stoppa sal av fiskekort som elveeigarlaget har orientert om grunnen til.

Samstundes kjem det meldingar om betre fiske enn på lenge i andre elvar. til dømes i Etnelva som har passert 3,5 tonn allereie. Fjorårsresultatet i elva her i bygda her var til samanlikning 1,4 tonn

BT meldar også om Daleelva i Vaksdal der dei meiner det er realistisk å fiska 2 tonn slik dei gjorde i 2005.

Når det gjeld det førebelse resultatet her vil talet auka ettersom alle ikkje har rapportert og atskillige har sesongkort. Men å nå opp til fjorårsresultatet er ikkje realistisk

Den største fisken på 8 kilo er det framleis Jone Rørheim som har teke Det er rapportert inn tilsaman rundt rekna 120 fiskar.

Av Ola Matti Mathisen